

Aktivering av bakgrunnskunnskap-brua

Lærar modellerer aktivering av bakgrunnskunnskap ved å dvele ved framsida av boka eller illustrasjonen til teksten. Få fram korleis det å tenkje over tittel og illustrasjon er med på å hjelpe oss å forstå det vi les.

Forslag til gode arbeidsmåtar:

1. Sjå på framsida av boka eller illustrasjonen til teksten. Studer bileta.
2. Kva trur du teksten handlar om?
3. Les tittelen.
4. Har de lese ei bok om dette før, sett ein film om temaet eller vore med på noko liknande?
5. Kva slag tekst trur de dette er? Er det ei forteljing eller ein faktatekst?
6. Kven trur du teksten handlar om?